

Reidar Leiv Furelid  
Vassbygdvegen 271  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/5867 - 23/74352

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)

Dato:  
29.09.2023

## Løyve til bygging av landbruksveg på gnr. 182/4 og 5 Gausereid

**Administrativt vedtak: Saknr: 1018/23**

### VEDTAK:

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av bygging av landbruksvegar gjev Alver kommune Reidar Leiv Furelid løyve til å byggje landbruksveg på gnr. 182, bnr. 4 og 5 Gausereid slik det er søkt om 01.08.2023.**


### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet skal alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 7 – tung traktorveg.
- Vedtaket er gyldig til 01.10.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.10.2027.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga
- Eventuelt avkjørsleløyve/endringsløyve til offentleg veg må vere på plass før arbeidet tek til.
- Skulle det vere aktuelt, må naboeigedomar kunne kjøp seg inn i vegen.
- Området skal ryddast opp etter at arbeidet er avslutta.
- Der vegen kryssar stiar, må det leggjast til rette for at ferdsel på desse kan gå uhindra etter at arbeidet med veganlegget er ferdig.
- Om det er aktuelt, skal nabobruk kunne kjøpe seg inn i vegen for å nytte den til uttak av skog.

**Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.**

## Saka gjeld

Reidar Leiv Furelid søker om å få bygge landbruksveg på om lag 550m i vegklasse 7 på gnr.



182, bnr. 4 og 5 slik fig. 1 nedanfor syner. Skogen vil løyse ut om lag 150 daa produktivt skog- areal med om lag 1500 m<sup>3</sup> hogstmoden skog.

Fig. 1. Blå stripla line syner traséen som tek til i tunet på bnr. 5. Den skal fylge ein liten «avsats»/lita hylle sørover og inn på den sørlege teigen til bnr., merka teig to i fig.1. På «hylla» går det ei gamal ferdselåre frå Gausereid og sørover mot Sætre/ Haukås. Kartkjelde: Kart vedlagt søknad.



Fig. 2. Vegen tek som nemnt til i tunet på bnr. 5 som vi skimtar i bakgrunnen.



Fig. 3. Lengst nord (på bnr. 5) er det mykje lauvskog. Lenger sør, etter kvart som vi nærmar oss grensa til bnr. 4, er det ein del gran med dels grove dimensjonar. Også her er det mykje innslag av lauvskog. Vegen skal framleis ligge på «hylla» i det dels bratte terrenget.



Fig. 4. Inne på bnr. 4. er det eit kortare parti der den naturlege «hylla» er borte.



Fig. 5. Heilt sør på bnr. 4 og i grensa mot gnr. 201, bnr. 1 Sætre, skal det byggjast ein snuplass på det flate partiet vi finn her.

## **VURDERING:**

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av framføringa av vegen.

Vegen gjev tilkomst til framtidig uttak av blandingskog på gnr. 182, bnr. 4 og 5. Vegen er i tråd med føremålet i landbruksvegforskrifta.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden, men òg i ein større samanheng.

Etter søk i Naturbasen via gardskartet og i Artsdatabanken, er det ikkje gjort funn verken av kultur- eller miljøinteresser.

Det er ein gamal ferdsliveg/sti på «hylla» vegen er tenkt lagt. Store delar av vegen vil gå oppå denne. Som fig. 2-5 førre side syner, er ferdslivegen no vanskeleg å finne.

Søknaden har vore sendt på høyring til regionalt kulturminnemynde og internt i kommunen for vurdering i høve i kulturminne- og friluftsinteresser. Av same grunn har søknaden òg vore sendt til Statsforvaltaren i Vestland.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at vegbygginga vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne og heller ikkje andre verneverdige kulturminne. Potensialet for funn vert vurdert som lågt. Dei ber likevel om at ein under opparbeiding tek omsyn til kulturlandskapet og unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/siar, bakkemurar, tufter meir.

Dei peikar òg på at om det kjem fram funn ved gjennomføringa av tiltaket, har grunneigar og tiltakshavar plikt til å straks melde frå til fylkeskommunen, og stogge alt arbeid til rette forvaltningsmynde har vurdert/dokumentert funnet jf. lov om kulturminne § 8, 2.ledd. Dei ber om at kommunen tek dette inn løyvet slik at det vert gjort kjent for tiltakshavar/grunneigar.

Dei informerer òg om at Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv skal varslast om planlagt hogstarbeid for å vurdere tilhøva til automatisk freda kulturminne og syner til kulturminnelova § 3 og skoglova § 8. Varselet må innehalde fylgjande:

- Opplysning og gnr., bnr. og kommune.
- Kart over hogstområde og eventuelle planlagde driftevegar, velteplassar m.m.
- Informasjon over eventuelt kjede kulturminne i området.
- Planlagt oppstartsdato.
- Kontakttelefon med tlf. og e-post.

Statsforvaltaren har ikkje gjeve attendemelding til søknaden innan fristen. Det har heller ikkje Alver kommune, kultur gjort.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom, skal òg ha løyve frå den som eig grunnen. At kommunen har gjeve eit løyve til bygging, går ikkje framom manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er derre ikkje noko kommunen kan hjelpe med. Kommunen har med dette løyvet altså ikkje teke stilling til privatrettslege tilhøve i vår vurdering/vårt vedtak.

Det same gjeld eventuelt avkørsleløyve/endringsløyve til offentleg veg, noko som må vere avklart før bygging tek til.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at med tanke på eventuell løyving av tilskot, vil dette veganleggjett truleg verte lågt prioritert. Dette då det er mykje lauv-/blandingsskog i området.

### **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Skogbrukslova
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova
- Friluftslova

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må hove til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/5867»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Mottakarar:**

Reidar Leiv Furelid

Vassbygdvegen 271

5912 SEIM